

Runestein ved Stedje kyrkje



(Foto: Arild Nybø, NRK © 2003)

Like ved [Stedje kyrkje](#) står ein 1,89 meter høg og 0,39 meter brei runestein. Steinen er truleg sett opp ein gong i mellomalderen.

Innskrifta på steinen er tyda til:

"Kong Olav skaut mellom desse steinane".

Runologane trur innskrifta er frå kring 1100. Segna vil ha det til at dette provar at Olav den heilage var i Sogndal, der han også var opphav til eit par "Olavskjelder" i Årøy og ved Ormalseng - sjå: [Olavskjelda i Årøy](#).

Publisert 21.03.2003 13:05. Oppdatert 12.06.2003 19:13.



(Foto: Arild Nybø, NRK © 2003)